



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
04.02.2016
Dykkar dato
08.01.2016

Vår referanse
2016/413 421.3
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - Gnr. 244 Bnr. 10 - Eidsnes indre - Uttale til dispensasjon til oppføring av utebod

Vi viser til oversending frå kommunen mottatt her 08.01.16 med frist 05.02.16.

Saka gjeld søknad om oppføring av utebod. Det er naudsynt med dispensasjon frå arealføremålet LNF og plan- og bygningslova (pbl.) § 1-8.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Vi vil minne om at vi vil ha ei konkret vurdering om vilkåra for dispensasjon etter pbl. § 19-2 er oppfylt. Sjå <https://www.fylkesmannen.no/nb/Hordaland/Plan-og-bygg/Arealforvaltning/Dispensasjon/Saksopplysningar-i-dispensasjonssaker/>

I dag er bustadtomta i stor grad utbygd og ligg svært nær sjøen. Boden det no er søkt om skal ligge mellom bustadhuset og sjøen. Den vil etter det vi kan sjå ligge om lag 5 meter frå sjøen (målt med målereiskap i Naturbase kart). Fylkesmannen er kritisk til dispensasjon til ytterlegare utbygging av strandsona.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.